



## Saksframlegg

### Tilleggsutgreiing Johan Sverdrup oljerøyr. Høyningsuttale frå Gulen kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
052/15	Formannskapet	02.10.2015

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynne i saka.

#### Utsende saksdokument

Johan Sverdrup oljerør Tilleggsutredning Fensfjordtraseen

#### Ikkje utsende saksdokument


- ...

#### Bakgrunn for saka

På vegne av rettigkeitshavarane i Johan Sverdrup feltet legg no Statoil fram ei tilleggsutgreiing til konsekvensutgreiinga for Johan Sverdrup oljerøyr på høyring. Tilleggsutgreiinga omfattar ein justert trasè for oljerøyret som vil gå i sjø.

Trasèen over land vert definert som Bergvikhamn-trasèen, medan sjøalternativet vert definert som Fensfjord-trasèen.

Skissa under viser aktuelle trasèval:



Tilleggsutgreiinga er sendt ut elektronisk. Samla dokumenter i saka er i si heilheit tilgjengeleg på Statoil sine internettssider:

<http://www.statoil.com/ku/johansverdrup>

Denne tilleggsutgreiinga er publisert under «Johan Sverdrup -

Eksportrørleidningar for olje og gass»

Høyringsfrist er **13. oktober 2015.**

### Saksvurdering og konklusjon

Det planlagde røyret vil i hovudsak verte lagt langs same trasé som dei rørleidningane som ligg der i dag.

Det inneber t.d. at området har vore kartlagt tidlegare i høve m.a. kulturminne.

I det aktuelle området har Gulen kommune Vassøyane naturreservat. Statoil si samla vurdering er at det ikkje er forventa vesentlege negative konsekvensar for naturmiljøet.

Statoil meiner den nye rørleidninga vil ha liten innverknad på fiskerinæringa i området. Det er planlagt avbøtande tiltak og eventuelle nye tiltak vil i samråd med fyskerimyndighetene vurdert underveis i den vidare planlegginga.

Ei oversikt på side 19 i tilleggsutgreiinga viser at Fensfjord-traséen samla sett har minst negativ verknad for miljø og samfunn. Dei positive verknadane eit slikt tiltak vil ha for sysselsetting og vare- og tenesteleveransar vert vurdert som størst ved val av Bergvikhamn-traséen.

Fensfjord-trasè alternativet vil utløyse eigedomsskatt til Gulen kommune på om lag kr. 1,6 mill årleg. Det er i desse dagar ute på høyring ei sak om endring i eigedomsskattelova. Dersom forslaget frå regjeringa vert vedteke vil kommunane sitt høve til å skattelegge oljerøyrleidningar falle bort. Kommunen bør difor i si samla vurdering legge mindre vekt på dei eventuelle økonomiske konsekvensane av val av Fensfjord-trasèn.

Dersom Fensfjord-trasèn vert vald vil det verte oppstart av røyrlegging i sjø i 2. kvartal 2018.

Det kan synast som om utgreiingane manglar ei samla vurdering av effekt på folkehelse for innbyggjarane rundt Fensfjordbassenget. Gulen kommune har tidlegare oppmoda Miljødirektoratet om å vere særleg obs på behovet for å vurdere samla verknader for utslepp i Fensfjordbassenget.

I høve denne høyringa på tilleggsutgreiinga er dette imidlertid mindre relevant.

Arealplanmessig må tiltaket vurderast i den interkommunale planen for Fensfjorden. I og med at tiltaket i hovudsak fylgjer same trasè som eksisterande røyrleidningar kan truleg ny røyrtrase behandlast som mindre endring.

### **Administrasjonen sitt framlegg til vedtak**

På bakgrunn av Statoil si tilleggsutgreiing for Fensfjord-trasèn finn Gulen kommune verknadane for miljø, samfunn og naturressurser som akseptable. Gulen kommune har ikkje merknader i saka utover dette.